

VI KLARTE DET! – Internasjonalt forbod mot landminer.

Norsk Folkehjelps første engasjement i humanitær mine- og eksplosivrydding i Kambodsja i 1992 var omtrent samstundes som det internasjonale nettverket mot landminer (ICBL) vart etablert.

Det var ei aukande grad av vissheten om at antipersonellminer var totalt uakseptable våpen som måtte bli forbode. Nettverket vaks seg sterk og vart ei internasjonal humanitærpolitisk rørsle der Norsk Folkehjelp spela ei sentral rolle, både her heime og internasjonalt. Etter fem års kamp mot desse våpna, underteikna 122 land i desember 1997 Minekonvensjonen i Ottawa, all bruk, produksjon, lagring og distribusjon vart forbode.

Elleve år etter, i desember 2008, skal ein ny avtale som forbyr eit anna totalt uakseptable våpen, klasevåpen, underteiknast i Oslo. Som i prosessen som førde fram til forbod mot antipersonellminer, har Norsk Folkehjelp også denne gongen spelt ei stor rolle i etableringa av kampanjen og nettverket som lukkas i å få fram ein avtale omforbod, produksjon, lagring og distribusjon av klasebomber.

- Klasebomber har drepe og lemlesta sivile i over 40 år. Klasebomber vert spreidd over eit stort område og rammar difor ofte sivile.
- Ueksploberte klasebomber vert liggande på bakken og tar liv fleire tiår etter at krigshandlingane er avslutta.
- Milliardar av små klasebomber vert lagra i 78 land.
- Klasebombeforbodet hindrar at desse vert nytta eller vidaresolgt, noko som kunne skapt eit humanitært problem større enn landmineproblemet
- 34 land har produsert klasebomber i over 210 forskjellige variantar.
- Klasebomber kan sleppast ut frå fly eller skytast ut fra bakken
- 107 land er samde om ein traktattekst der klasebomber vert forbode
- 3. desember kjem representantar frå 107 land til Oslo for å underteikna traktaten.
-
- Norsk Folkehjelp vil markera denne avtalen med arrangement rundt om i landet. I Bergen vert det stand på Vågsallmenningen 29. November 11-16.